

Kartlegging og verdivurdering av friluftslivsområde i Vik kommune Prosjektrapport 2016-2019

Bakgrunn og politisk forankring

Regjeringa sette som mål at alle kommunar skal ha kartlagt og verdsett sine friluftslivsområde innan 2018. Det går fram av St. meld. 18 (2015-2016) *Friluftsliv – natur som kilde til helse og livskvalitet*. Kartlegginga er også eit krav i ny folkehelselov (2017) og gjennom Geovekstavtalen (DOK).

Kartleggingsprosessen skulle forankrast politisk. Formannskapet i Vik gjorde vedtak om oppstart av arbeidet 8.12.2016 (sak 145/16). Rådmannen fekk fullmakt til å organisere og styre arbeidet.

Regionalt samarbeid og tilskot



1 Fiske ved Lars-Olavatnet

Vik kommune inngjekk den 23.1.2017 avtale med Fylkeskommunen om kartlegging og verdivurdering av friluftslivsområde. Arbeidet skulle fylgje metoden i miljødirektoratet sin rettleiar M98-2013, og resultatane skulle lastast opp i *Naturbasen*. Fylkeskommunen fylgde opp kommunane i Sogn og Fjordane og leigde FNF (Forum for natur og friluftsliv) inn som prosjektkoordinator. Det fylgde med eit tilskot på 40.000 kr for alle kommunar som fullfører prosessen. Kommunane eig sjølve sine data og har ansvar for ajourhald. Kommunen deltok på ei nettverkssamling i Førde mars 2018.

Organisering og involvering

Det blei danna ei arbeidsgruppe frå administrasjonen i Vik kommune:

- Turid K. Brekke (plansjef)
- Britt Marit Stadheim (Rådgjever Oppvekst)
- Karen Weichert, PL (Rådgjever plan og forvaltning)



2 Badestrondi i Vik sentrum

Arbeidsgruppa hadde 13 arbeidsmøte i løpet av perioden 2017-2019. Den 2.2.2017 hadde arbeidsgruppa oppstartsmøte i lag med FNF v/Elisabeth Dahle og Fylkeskommunen v/Jo Tore Kristoffersen. Arbeidsgruppa samarbeidde med alle skular og barnehagar i kommunen, i tillegg til enkeltpersonar, med omsyn til innspel og kvalitetssikring, både med tanke på område sine avgrensingar og verdivurderinga:



- Flatbygdi skule v/Hilde Mæhlum
- Valsvik oppvekstsenter v/Anne Gro Stadheim
- Vik barnehage v/Aud Bell Hove
- Vangsnes skule og barnehage v/Arild Thingvoll
- Feios skule v/Jarle Christensen
- Fresvik bygdelag/IL Modig v/Anne M. Bøtun Øyri



3 Kom-deg-ut-dag på Fresvikåsen

Informasjon om prosjektet blei publisert på kommunen sine nettsider. Det blei også sendt brev til alle grunneigarlag og bygdelag i kommunen, samt Vik bondelag, Vik turlag og Vik jakt- og fiskelag.

Forslag om temakartet over friluftslivsområda i kommunen blei lagt ut for ei enkel høyring november 2018. Høyringsinnspel kom frå FNF og to privatpersonar i Fresvik og Feios. Innspela blei vurderte og delvis tekne til etterretning.

Det var planar om å samarbeide spesielt med nabokommunane om ev. friluftslivsområde ved kommunegrensene. Det var munleg kontakt med Høyanger kommunen før dei var komne i gang med sitt prosjekt, men det blei dessverre ikkje meir kontakt seinare. Voss kommune gav tilbakemelding om at dei fokuserte mest på dei sentrumsnære område i denne omgangen. Med Aurland kommunen v/Ingunn Skjerdal og Anja Marken blei det ei samordning ved kommunegrensa.



4 På Ramnaberg

Temkartet over friluftslivsområde og tekniske løysingar

Under kartleggingsprosessen blei det brukt papirkart. Etter kvart blei dei kartlagde friluftslivsområde grovt digitalisert i GISLINE, og seinare finteikna der, slik kravet var. Verdivurdering blei gjennomført ved bruk av skjema, som til slutt blei overført til Excel-malen frå Miljødirektoratet. Denne metoden blei vald fordi Excel-skjemaet var noko uoversiktleg å jobbe i. Alle verdivurderingsskjema ligg ved denne rapporten. SOSI-fila eksportert frå GISLINE blei sendt til Fylkeskommunen til kontroll. Excel-skjemaet blei sendt til FNF. Den 28.2.2019 blei begge fila lasta opp i Naturbasen. Excel-skjemaet måtte korrigerast etterpå og blei lasta opp på nytt 1.3.2019.



Resultatet er eit temakart med 76 friluftslivsområde, i alle 11 moglege kategoriar. Arbeidsgruppa har ikkje inntrykket at det finst kategoriar som er underrepresenterte:

16 leike- og rekreasjonsområde (LR)
16 grønkorrridorar (GK)
12 nærtuområde (NT)
6 utfartsområde (UO)
6 strandsoner (SS)
5 marker (MA)

4 jordbrukslandskap (KL)
4 andre friluftslivsområde (AF)
3 særlege kvalitetsområde (SK)
2 store tuområde med tilrettelegging (TM)
1 stort tuområde utan tilrettelegging (TU)

Verdivurderinga gav dette resultatet:

- 53 svært viktige friluftslivsområde (A)
- 21 viktige friluftslivsområde (B)
- 2 registrerte friluftslivsområde (C)
- Ingen ikkje-klassifisert friluftslivsområde (D)

Grunnen til den tydelege overvekta av A- og B-område er etter arbeidsgruppa sitt inntrykk vurderingsnøkkelen i rettleiaren M98-2013, som truleg er laga med mest omsyn til byer og større tettstadar.



5 Grilling ved Kongsvatnet

Presentasjon av områda og vidare oppfølging

Temakartet blir presentert i *Naturbasen* og i tillegg på kommunen sine nettsider via kommunekart/sognekart. Denne rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettsidene.



6 Kanopadling ved Rundøyri

Temakartet over friluftslivsområda skal rullerast/reviderast i takt med kommuneplanen, slik at ein vil få eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om friluftslivsområda i kommunen før kvar revisjon av arealdelen til kommuneplanen. Temakartet står her på lik linje med andre fagrapportar, slik som Kjerneområde landbruk og strandsonesanalyse.

Arbeidsgruppa vurderer det slik at det er truleg at ein ikkje har klart å fange opp alle friluftslivsområde som er i bruk i kommunen i dag. Det har også vist seg at bruken endrar seg, og område går ut av bruk mens nye kjem til. Det er såleis viktig at temakartet blir revidert jamleg. Også skildringsteksten for kvart område, som seier noko om korleis områda blir brukte, må reviderast. Ved neste revisjon av temakartet bør ein spesielt sjå på ev. betre samordning med nabokommunane.

Vik, 8.3.2019, Plan og forvaltning

